

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
078/23	Formannskapet	PS	08.11.2023
	Heradsstyret	PS	
056/23	Ungdomsråd	PS	20.11.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Linda Judith Svidal Nordås	23/2842

Forlenging av Kommunedelplan for Oppvekst

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedelplanen for Oppvekst vert forlenga til å gjelde ut 2030.

Formannskapet - 078/23

FS - behandling:

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Kommunedelplanen for Oppvekst vert forlenga til å gjelde ut 2030.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

I følge gjeldande planstrategi skulle Kommunedelplanen for Oppvekst vore revidert innan utgangen av 2023. Dette er ikkje gjennomført fordi:

- Det er kome lovkrav om å få på plass «Førebyggjande plan».
- Det er ikkje kapasitet til å skrive disse to planane parallelt.

Kommunedirektøren ber difor Heradsstyret om å forlenge gjeldande kommunedelplan ut 2030.

Bakgrunnen for at administrasjonen ber om så lang forlenging, er at det per i dag er uvisst kvar i planstrategien for 2024 – 2028 denne kommunedelplanen får oppstart. Ein kan risikere at planen i ny planstrategi vert lagt til seint i perioden. Ein planprosess tek minimum to år, og ved oppstart i 2028 kan ein ikkje vente vedtak før i 2030.

Bakgrunn

I gjeldande planstrategi låg Kommunedelplanen for Oppvekst inne med revisjon i 2023. 01.01.23 vart det innført ny barnevernslov. I § 15-1 i Barnevernslova, er det krav om at kommunen skal utarbeide ein førebyggjande plan. Etter drøftingar i sektorleiinga i oppvekst, valte ein følgjande tilnærming til planarbeidet på området:

- Førebyggjande plan er lovpålagt, og må prioriterast. Ein har valt å løyse dette som ein temaplan, fordi planen skal sei noko om korleis Osterøy kommune som tenesteytar skal «samordne sitt tenestetilbod til barn og familier (for å fremme gode oppvekstvilkår».

- Kommunedelplan for Oppvekst skal ha eit noko overordna perspektiv i forhold til Førebyggande plan. Denne planen skal ha eit større perspektiv enn «å førebygge omsorgssvikt». Den skal mellom anna sei noko om trygge lokalsamfunn, og frivilligheita si rolle oppveksten vi tilbyr barn og unge i kommunen.

Vurdering

Vurderinga er at Førebyggande plan må skrivast først. Når ein har denne på plass, har ein òg på plass eit godt kunnskapsgrunnlag for å revidere oppvekstplan. Førebyggande plan kjem til vedtak i Heradsstyret i løpet av 2024.

Folkehelse: Ikkje vurdert.

Miljø: Ikkje vurdert.

Økonomi: Ikkje vurdert.

Konklusjon

Kommunedelplan for Oppvekst vert forlenga ut 2030.